



Tingvoll kommune

**TEMAPLAN
KULTURMILJØ OG
KULTURMINNE
TINGVOLL KOMMUNE**

2023-2027

INNHALD TEMAPLAN KULTURMILJØ OG KULTURMINNE TINGVOLL KOMMUNE

INNHALD	2
FØREORD	3
Kapittel 1: Mål, rammeverk, plantype og planperiode	4
Kapittel 2: Definisjonar	6
Kapittel 3: Forvaltning og verdisetting	7
Kapittel 4: Kulturhistorisk utvikling i Tingvoll kommune	9
Kapittel 5: Kulturminne og kulturmiljø i Tingvoll	19
Kapittel 6: Status og handlingsplan	22
Kapittel 7: Økonomiske støtteordningar	23
Kapittel 8: Anna nyttig informasjon for eigarar av kulturminne	27
Kapittel 9: Kart	27
Kapittel 10: Kjelder	27

FØREORD

Ein kulturminneplan er kommunen sitt oversyn over viktige kulturminne og kulturmiljø og inneheld ein plan for forvaltninga av desse. Temaplanen skal gje kunnskap om fortida og avklare kva kulturminne ein vil tilrå å ta vare på i framtida.

Utarbeiding av ein kulturmiljøplan kan opne for brei deltaking og politiske diskusjonar om prioriteringar. Arbeidet med ein kulturmiljøplan for Tingvoll kommune har i stor grad vore eit samarbeid mellom ulike partar og aktørar.

Kommunestyret i Tingvoll vedtok i 2016 kommunal planstrategi 2016–2020, og då vart det avgjort at ein skulle ferdigstille ei kulturmiljøplan i 2019. Tingvoll kommune fekk tilskot på kr. 100.000 frå Riksantikvaren til arbeidet med plana. Planprogrammet for kulturminneplanarbeidet vart vedteke i formannskapet i 2017 (PS 57/2017) og oppstarten av planarbeidet (2018–2022) vart vedteken i formannskapet i 2017 (PS 94/2017).

Ei arbeidsgruppe vart deretter nedsett og desse vart valt til å sitte i gruppa: Gunnar Aasen (Tingvoll sogelag og Straumsnes Bygdemuseum), Jon N. Eikrem (politisk representant), Unn Catodotter Fyllingsnes (politisk representant), Marit Linberg (kyrkjeverje), Marianne Nystad (Tingvoll museum), Peder Hanem Aasprong (vara for politisk representant).

Arbeidsgruppa hadde fem møter i perioden 11.01.2018-17.04.2018. Gjennom desse møtene presiserte gruppa kva fokusområder kulturmiljøplanen skal ha, strategi for å nå ønska mål, og strategi for brukarmedverking i planprosessen. Arbeidsgruppa forstod etter kvart at planarbeidet ville krevje meir tid og arbeid enn først foreslått i framdriftsplana i planprogrammet vedteke av formannskapet i 2017. Ny tidsplan vart dermed foreslått og vedteke, med mål om vedtak av temaplan for kulturmiljø og kulturminne våren 2020.

Arbeidet har vore leia av folkehelse- og kulturkoordinator Mattis Himo, Marit Brånås Aarflot då ho vikarierte for Mattis, og i ein periode Unn Catodotter Fyllingsnes, før kultur- og frivillighetskoordinator, Tina Fløystad, overtok då ho byrja i stillinga hausten 2021.

Det er fleire årsaker til at arbeidet med planen har teke lenger tid enn planlagt og fleire av punkta i plan for medverking ikkje har vorte gjennomført. Korona-pandemien og vakanse i kulturkonsulentstillinga er kanskje dei største årsakene.

Det har vore eit tidkrevjande og komplekst arbeid, men òg lærerikt og interessant. Vi har vore i kontakt med mange interessante og kunnskapsrike innbyggjarar i kommunen og fått mykje hjelp frå historieinteresserte personar i lokalmiljøet.

Arbeidsgruppa vil takke for alle innspel og hjelp undervegs i arbeidet. Samstundes vil arbeidsgruppa presisere at dette er fyrste versjon av temaplan for kulturmiljø og kulturminne for Tingvoll kommune. Det er no arbeidet tek til. Frå no av skal planen bli oppdatert og revidert med jamne mellomrom og dermed inngå som eit nyttig verktøy for å sikre at Tingvoll kommune tek hand om kulturminna og kulturmiljøa våre for framtida.

Tingvoll 30.10.2022

Jon N. Eikrem Gunnar Aasen Marianne Nystad Marit Linberg

Unn Catodotter Fyllingsnes (tekstforfattar)

Tina Fløystad (sekretær)

Om avgrensing i plana og grunngeving for dette

«Kulturminna fortel oss om korleis menneska før oss har levd. Det kan vera fysiske spor etter busetnad og næringsverksemd, naturelement som har vore knytte til religion, tradisjon og annan symbolverknad, eller andre typar av handfaste ting som fortel noko om fortida. Vi deler kulturminna inn i to kategoriar: *materielle og immaterielle.*» (Regjeringa.no, 2022).

Tingvoll kommune er rik på kulturminne. I omgrepet «rik» ligg både det faktum at det er mange kulturminne i heile kommunen, men òg «rik» i den forstand at kulturminna tyder mykje for innbygarane. Tingvoll kommune har kulturminne av både regional og nasjonal verdi. Vi gjer merksam på at automatisk freda kulturminne ikkje er inkludert i denne planen. Kva som definerer eit automatisk freda kulturminne kan ein lese om i kapittel 2.

Arbeidsgruppa har i stor grad vald å fokusere på kulturminne og kulturmiljø frå rundt år 1900 og fram til i dag fordi dette er kulturminne som ikkje er sikra gjennom andre lovverk. Erfaringa viser at kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid står i fare for å forsvinne fordi dei ikkje har same status som eldre kulturminne.

Kapittel 1: Mål, rammeverk, plantype og planperiode

1.1 Mål

Arbeidet med kulturmiljøplanen skal styrke den politiske, strategiske og operative rolla til kommunen på kulturminnefeltet og bidra til å sikre og forankre forvaltninga av dei lokale kulturminna våre.

Planen er startskotet for nye og meir detaljerte registreringar av kulturminne og kulturmiljø i Tingvoll kommune og i fortsettinga skal planen bidra til formidling av desse.

Temaplan for kulturmiljø og kulturminner vil sette temaet på den politiske dagsordenen og innarbeide det i delar av kommunen si verksemd. Ein ønsker òg at planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til kommunen sine innbygarar. Planen vil òg vere viktig for eigarar av kulturmiljø og kulturminne.

Eit av dei viktigaste måla med kulturmiljøplanen vil vere å skape forståing for kva eit kulturmiljø og kulturminne er og viktigheita av å ta vare på historia. Vi har alle eit ansvar for å ta vare på historia for ettertida, slik at komande generasjonar kan sjå tilbake og sjå korleis samfunnet har utvikla seg i retninga det har gjort.

Fleire verksemdar i kommunen samt private aktørar og næringsliv kan bruke kulturminne til å skape gode opplevingar, i tillegg til å styrke Tingvoll kommune sin identitet i form av å sette busettinga i Tingvoll i eit historisk perspektiv.

I St.meld nr. 16, 2019-2020, kapittel 2.2, er dei **nasjonale kulturmiljømåla** skildra som følger:

«Nasjonalt mål 1

Alle skal ha mulighet til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.

Målet vektlegger menneskers rett til å ha en kulturarv og at kulturmiljø er et felles gode som det er et felles ansvar å forvalte. Målet understreker også at alle skal ha mulighet til å engasjere seg. Statens ansvar er å legge best mulig til rette for dette.

Nasjonalt mål 2

Kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom helhetlig samfunnsplanlegging.

Målet viser samfunns- og arealplanleggingens betydning for å ivareta et mangfold av kulturmiljø og hvordan disse kan bidra til miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft. Målet understreker samtidig Norges ansvar for og regjeringens ambisjoner om å følge opp FNs bærekraftsmål og Agenda 2030.

Nasjonalt mål 3

Et mangfold av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk.

Målet understreker at et mangfold av kulturminner, kulturmiljøer og landskap skal tas vare på som ressurser og grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk. Målet viderefører essensen i det tidligere strategiske målet for kulturminnepolitikken som ble lagt fram i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner.*»

1.2 Rammeverk

Kommunen er pålagt etter Lov om kulturminne § 3 og § 6, å ta særskild omsyn til kulturminne som fell innanfor lovverket.

Arbeidet med planen er gjort i samarbeid fagpersonar i Møre og Romsdal fylke. Riksantikvarens rettleiarar for kulturminnearbeid har vore lagt til grunn for arbeidet. Arbeidsgruppa har òg sett til kulturminne- og kulturmiljøplanar for andre kommunar, særleg i Møre og Romsdal.

Det er to sentrale lover som dannar rammeverket for kulturminne i Noreg: Kulturminnelova og Plan- og bygningslova (PBL). Kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren og kulturavdelinga i fylkeskommunen. Lova skal sikre ivaretaking og vern av kulturminne og kulturmiljø på nasjonalt nivå. Lova rommar automatisk freding, vedtaksfreding og midlertidig freding. Føremålet med kulturminnelova er å samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd. Plan- og bygningslova (PBL) legg premisa for arealplanlegginga som i hovudsak blir handsama og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verktøy for å ta vare på kulturminna og omgjevnadene rundt kulturminna. Dette gjer ein ofte gjennom regulering av omsynssoner. Dette inneber at kulturminne som er freda etter kulturminnelova òg bør bli vist med omsynssone i areal- og reguleringsplanar.

1.3 Plantype og planperiode

Kulturmiljøplanen for Tingvoll kommune er ein temaplan og følgjer dermed dei formkrava som er gjevne i plan- og bygningslova.

Ein rullerer handlingsdelen i kulturmiljøplanen årleg, saman med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet og økonomiplanen.

Kvart fjerde år rullerer ein heile planen, parallelt med rullering av kommuneplanen. Konsekvensar av tiltak og registreringar i kulturmiljøplanen skal ein innarbeide i samfunns- og arealdelen i kommuneplanen.

Kapittel 2: Definisjonar

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminnelova definerer kulturminne og kulturmiljø slik i § 2: "Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng".

Forminne

Kulturminne frå før reformasjonen i 1537. Desse er automatisk freda.

Nyere kulturminne

Dette er kulturminne frå tida etter 1537. Slike kulturminne kan bli freda etter enkeltvedtak.

Listeførte kyrkjer

Alle kyrkjer som er bygd mellom 1650 og 1850 er verna. Mange kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeførte.

Museumsverna kulturminne

Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova.

Offentleg verna kulturminne

Kulturminne, bygningar og andre faste kulturminne, som det offentlege eig eller har vedlikehaldsansvar for.

Kulturminnet skal bli teke vare på, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon.

Omsynsbevaring

Kulturminne og kulturmiljø som er sikra ved regulering eller som er bandlagte for seinare sikring gjennom regulering etter plan- og bygningslova (§ 12–6).

Freding av bygningar, anlegg osv. frå nyare tid

Freding er eit verkemiddel innan lovverket som er meint til å ta vare på noko og verne det mot inngrep. Føremålet med freding kan vere at en vil ta vare på eit kulturminne eller kulturlandskap. Dette er freding ved enkeltvedtak, jf. kulturminnelova § 15.

Vedtaksfreda område

Området rundt eit freda kulturminne eller skipsfunn som blir freda for å ta vare på kulturminnet i miljøet eller for å ta vare på vitskaplege interesser som er knytt til det, jf. kulturminnelova § 19. Ein kan frede eit kulturmiljø etter § 20 for å ta vare på området sin kulturhistoriske verdi.

Automatisk freda kulturminne

Er eit kulturminne som er automatisk freda gjennom lov (legalfreding). Dette gjeld alle arkeologiske lokalitetar, bygningar, gravplassar, ruinar, borger, kyrkjestader m.m. som er eldre enn frå år 1537.

Verna kulturminne

Objekt som er verna ved lov eller andre verkemiddel. I tillegg til å omfatta dei kulturminna som er freda etter kulturminnelova eller tidlegare lovverk, omfattar dette òg kulturminne som er freda etter svalbardmiljølova eller verna etter plan- og bygningslova, kyrkjelova, eller naturmangfaldslova.

Verneverdig/bevaringsverdig kulturminne

Objektet har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukt om kvarandre.

Bygningar og område i SEFRAK

Sekretariat For Registrering Av Faste Kulturminne: Dette er eit nasjonalt register over faste kulturminne frå før 1900 som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved regulering til omsynssonebevaring.

Kapittel 3: Forvaltning og verdisetting

3.1 Forvaltning – mynde og ansvar

Klima- og miljødepartementet har det formelle ansvaret for det nasjonale kulturminnevernet.

Riksantikvaren (Direktorat for kulturminneforvaltning) er ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk.

Møre og Romsdal fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå. Fylkeskommunen kan gjere vedtak om freding.

Tingvoll kommune har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturminne blir vektlagde i kommunale planprosessar og kvar enkelt byggesak. Kommunen kan gjere vedtak om vern gjennom reguleringsplanar.

NTNU, Vitenskapsmuseet har ansvar for forminne og før-reformatriske gjenstandar i tillegg til kulturminne under vatn.

Nordmørmusea AS har eit ansvar som regionmuseum.

Eit regionmuseum er ein overordna museumsorganisasjon som forvaltar samarbeidet mellom historiske samlingar innanfor eit område med kulturhistoriske fellestrekk (regionmuseum, 2022).

I tillegg har **fylkeskommunen og museet** ein rådgjevande funksjon. Kulturminnearbeid vil alltid vere eit samspel mellom offentlege, halloffentlege (musea), private og frivillige aktørar. Innsatsen til eigarane av eit kulturminne er avgjerande for god forvaltning av kulturminne i kommunen.

Bevaring av kulturminne kan kome i konflikt med andre samfunnsinteresser, som til dømes vegar, kraftutbygging, nybygg og liknande. Vurderingar og prioriteringar i slike saker ligg hjå politkarane på kommune-, fylkeskommune- og departementsnivå.

3.2 Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren opererer med tre kategoriar for verdi av eit kulturminne:

- **Kunnskapsverdi** (kulturminne som har ei særleg verdi som kjelde til kunnskap om og forståing av fortida).
 - Bygningshistorie, materialhistorie, stilhistorie, teknologihistorie, handverkshistorie, kunsthistorie, arkitekturhistorie, planhistorie.
 - Næringshistorie, landbrukshistorie, fiskerihistorie, industrihistorie, sosialhistorie, samferdselshistorie, idrettshistorie, krigshistorie, busetnadshistorie, utmarkshistorie.
 - Religionshistorie, minoritetshistorie, personalhistorie, forskingshistorie, vitskapshistorie.
 - Miljøhistorie, forvaltingshistorie, vegetasjonshistorie.
- **Opplevingsverdi** (verdi knytt til den allmenne eller ulike grupper si oppleving og kan seiast å ha ei meir personleg forankring enn kunnskapsverdien)
 - Arkitektonisk verdi, kunstnarleg verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, bruks- og alderspreg, patina.
 - Symbolverdi, tilhørslse, identitetsverdi.
 - Undring, refleksjon, inntrykk, attkjenning, nyfikne, sinne
- **Bruksverdi** (kulturminne ein kan knytte til vidareføring gjennom dagens bruk og danne grunnlag for ny verdiskaping og endra bruk der verdien kan bli ivareteke og auka).
 - Økonomisk verdi, ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, museal verdi, tilgjenge.

I tillegg kan ein bruke ulike kjenneteikn for å skildre kulturminnet. Døme på slik eigenskapar er:

- Alder, tidsdjupne og kontinuitet
- Autentisitet og opphav
- Mangfald og variasjon
- Samanheng og heilskap
- Dynamikk og endring
- Brot og kontrast
- Leseleg og tydeleg
- Tenleg og eigna
- Bruk
- Sårbarheit og tolegrenser
- Interaksjon natur–kultur

3.3 Kriterium for verdisetting

Ein viktig del av arbeidet med kulturmiljøplanen har vore å velje ut dei kulturminna som skal inn i ein handlingsplan og som ein dermed skal prioritere i høve tiltak og eventuell søknad om økonomisk støtte. I arbeidet med kulturmiljøplanen for Tingvoll kommune har arbeidsgruppa lagt til grunn dei verdsettungskriteria som er skildra i Riksantikvarens rettleiar for verdsetting og verdivekting av kulturminne. Den avsluttande vektinga inneber ei vurdering både av om kulturminnet eller kulturmiljøet oppfyller kriteria, og om kor mykje kvart kriterium tel. Basert på dette, er det mogleg å gjera ei objektiv vurdering av kulturminna og til slutt avgjera om kulturminnet og kulturmiljøet er av liten, middels, stor eller svært stor verdi. Denne vektinga kan ein sjølvstøtt endre i rulleringar av kulturmiljøplanen.

Verdisetting og vekting vil fyrst og fremst gjerast gjennom kommunalt planarbeid og lokaldemokratiske prosessar. I slike prosessar kan kommunen, der det er tenleg, trekke inn andre lokale aktørar, som frivillige organisasjonar, museum og eigarar. Private og offentlege lokale aktørar vil ofte ha klare, om ikkje alltid samsvarande, oppfatningar om kva som er viktig og korleis dei ønsker å forvalte kulturarven lokalt. I den fyrste utgåva av kulturmiljøplanen er det arbeidsgruppa som har gjort denne vektinga, men innspel frå enkelte nøkkelpersonar.

Kriteria inngår i ein systematisk framgangsmåte som skal sikra ein mest mogleg omforent omgrepsbruk og sikre innsyn og at arbeidet, uansett fase, kan bli etterprøvd. Aktuelle vurderingskriterium er:

- Kulturminnet representerer fasar med særleg tyding for historia.
- Kulturminnet er knytt til verksemder med særleg tyding for historia.
- Kulturminnet er knytt til hendingar med særleg tyding for historia.
- Kulturminnet er knytt til personar med særleg tyding for historia.
- Kulturminnet er av særleg tyding for éi eller fleire etniske grupper (den samiske urfolkesetnaden, nasjonale minoritetar eller andre etniske grupper).
- Kulturminnet har særleg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi.
- Kulturminnet har særleg tyding som kjelde til historia der det finst få eller ingen skriftlege kjelder.
- Kulturminnet har særleg tyding som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.
- Kulturminnet si alder og type utløyser juridiske verkemiddel på nasjonalt plan, sjå kulturminnelova.

Kapittel 4: Kulturhistorisk utvikling i Tingvoll kommune

4.1 Kjelder til kunnskap om lokalhistorie i Tingvoll kommune

På Tingvoll bibliotek si nettside finn ein [informasjon om lokalsamlinga for Tingvoll kommune](#).

Ein finn òg verk utgjeve gjennom åra som inneheld lokalhistorie om Tingvoll kommune på [Nasjonalbiblioteket si nettside](#).

Her er eit utval av lokalhistoriske verk for Tingvoll kommune, oversikta er laga av Laila Iren Vangen og Marit Gravem Stølen ved Tingvoll bibliotek (fleire av desse verka er tilgjengelege på biblioteket):

Tittel	Forfattar
Tingvoll kyrkje	Martin Lamvik
Tingvoll idrettslag 100 år: 1915-2015	Steinar Hasselø
Gyl idrettslag gjennom hundre år: 1916-2016	Erik Gjul
Tingvoll: ut mellom fjordane lange	Magnar Fjørtoft
Gards- og ættesoge for Tingvoll i tre band	Hans Hyldbakk (1961, 1963 og 1965)
Gards- og ættesoge for Straumsnes i tre band	Ottar Roaldset (1990, 1993 og 1999)
Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes i tre band	Første og andre band (1970 og 1975) av Evard Brakstad og tredje band (1977) av Martin Lamvik.
Tingvoll kyrkje: gåta Gunnar gjorde	Terje Spurkland og Morten Stige
Ullvarefabrikken i Tingvoll: en historie i ti kapittel om en norsk bedrift gjennom halvhundre år	

Hellemålingane i Tingvoll	Rolf Huus
Bergem skofabrikk: Torjulvågen: 1931-1982: og litt om skor attover i	Rasmus Sørheim
Vers fra Vågbø: med noen prosaskisser	Alida Bakken
Tingvoll kommune 150 år	Oddmund Tveikra og Sverke Romundstad
A/S Tingvoll Ullvarefabrikk Sellgren Veveri AS.: Til sammen 100 år. 1898 -1998	Arnstein Rolland
En brav og berømmelig Mand: Tingvollpresten Hans Nielsen Tausan 1626 - 1697	Bernt Bøe
Du mitt Nordmøre 1967-2022 – historiske artikler bla om Tingvoll	
Enno seglar ho Magnhild: viser rim og regler fra Nordmøre	
Folke- og boligtelling 1. november 1970. Kommunehefte	
Folke- og boligtelling 1. november 1980. Kommunehefte	
Folke- og boligtelling 1990. [Kommunehefter]	
Folketellinga 31.12.1865 for 1560 Tingvoll	
Hendt og hender: i Tingvoll 2008-2016	Helge Husby
Jacob Andreas Mohr: Ein presteprofil frå attenhundretalet	Martin Lamvik
Kring fabrikk: Tingvoll ullvarefabrikk frå 9.2.1998 til 7.8.1967	John Rimstad
Liste over mikrofilmer i fylket: Kirkebøker, fortellinger, pantebøker/pantereg., div. protokoller, tingbøker	
Litt skulesoge frå Tingvoll: Kopiar av artiklar og notatar	Martin Lamvik
Oversyn over verbalbøyinga i Øremålføra, med ei nærare utgreiing om dei sterke verba: hovudoppgåve i norsk ved universitetet i Oslo 1952.	Lars Grytli
Personnamn i Tingvoll: Fra sein mellomalder fram til vår tid, b.1	Reidar Hareide
Personnamn i Tingvoll: Fra sein mellomalder fram til vår tid, b.2, 1941-60	Reidar Hareide
Sjøfryd – ei familiebedrift	Ottar Roaldset
Songen hennar Magnhild	Anne Kleivset
Straumsnes kyrkje 100 år: 1864 - 1964	
Tingvoll bibliotek som flerkulturell møteplass (Integreringsprosjektet på biblioteket): Sluttrapport for perioden 2001 - 2004	Birgit Woelfert
Tingvoll Branntrygdslag: 100 år, 1874 1 januar 1974.	Ottar Roaldset
Tingvoll bygdemuseum: økomuseum og rekreasjonsområde	Ingvild Austad
Tingvoll Kyrkje 800 år	
Tingvoll Sparebank 100 år 1902-2002	
Tingvoll Sparebank 60 år 1902-1962	Oddmund Tveikra

Tingvollkalenderen 1989-2022	Lions Club Tingvoll
Tingvollvågen søndagsskole: 1906-2006	Otto Seljebotn
Vegen om Gylhammaren - den første veiforbindelsen mellom Ytre og Indre Nordmøre: en perm hvor skriftlig materiale og bilder er samlet	
Årbok for Nordmøre 1921-2021– historiske artikler b.la om Tingvoll	

4.2 Vår eldste historie – automatisk freda kulturminne

Tingvoll er ei bygd med gamal busetnad (Hyldbakk, Gards- og ættesoge for Tingvoll 1. , 1961, s. 7).

I *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1.* ved redaktør Edvard Brakstad, kan ein lese at namnet Tingvoll vart skrive Þingvollr i den gammalnorske tida og tyder tingstad på ein voll. Medan Straumsnes har namnet sitt frå garden Straum (seinare Kanestraum) (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1., 1970, s. 9)

Dei beste opplysingane om den eldste busetnaden kjem frå arkeologiske funn og namn på gardar. Det er funne reiskap, våpen og bergmåling i Tingvoll kommune som fagfolk har datert til steinalderen, bronsealderen og jernalderen. Dei eldste gardnamna går truleg like langt tilbake i tid som funna. Hyldbakk har skrive ein god del om korleis ein kan tidfeste alderen på ein gard ved hjelp av *Norske Gaardnavne* av O. Rygh (Hyldbakk, Gards- og ættesoge for Tingvoll 1. , 1961, s. 7). Det er mellom anna gardar med usamansette namn i ubunden form ein kan rekne som dei eldste gardane, som til dømes *Ås, Nes og Berg* – eit døme på dette i Tingvoll er garden *Skar*. I Straumsnes har vi Hals, Straum og Vatn (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1., 1970, s. 147).

Der er i tillegg gardar med samansette namn mellom dei aller eldste gardane og med den oldnorske endinga -vin, som tyder grasmark eller beiteland. Både desse gardane og dei med endinga -heim er frå før vikingtida. Der er få eller ingen vin-namn i Tingvoll, men av heim-namn har vi Bergem og Hanem. I Straumsnes er det éin heim-gard, Eikrem. Tveekrem, Treakrem er truleg ikkje heim-namn, men kjem av ekre (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1., 1970, s. 151).

Hyldbakk skildrar i *Gards- og ættesoge for Tingvoll 1.* at:

«Av gardar som skriv seg frå inngangen av vikingtida og kanskje litt utover denne er slike som endar på -stad (...) I Tingvoll finst g gardar av dette slaget, nemleg Brakstad, Kringstad, Strupstad, Rimstad, Balstad og Hafstad.

Frå same tidsbolken om lag har vi òg dei samansette gardnamna med endinga -set (setr) som betyr det same som bustad eller sete og kjem av verdet å sitja. (...) Storset, Bølset, Løset, Meisingset og Ormset.

I ein klasse for seg sjølv kjem gardar med slike utgamle namn og utydde namn som Gagnat, Gyl og Torjul. Desse gardane høyrer visseleg med mellom dei eldste i bygda.»

Desse tre gardane og kretsane, i tillegg til Sogn, blir òg peikt ut som stadar kor det er sannsynleg at det først var fast busetnad (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1., 1970, s. 143). Gagnat ligg på tørr grunn ved sjøen, i nærleiken av skog og fjellvidder med høve til jakt og fangst.

Høve til jakt og fangst er det òg på Hindhammar, kor det frå gamalt av har vore godt fiske. Her finn vi dei kjente bergmålingane frå steinalderen. (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1., 1970, ss. 152, 170).

I tillegg til bergmålingane på Hindhammar, er eit av dei mest kjente kulturminna i Tingvoll kommune Tingvoll kyrkje. Ein byrja truleg å byggje kyrkja, som er i stein, etter 1170. Den er naturvitenskapleg datert til til perioden mellom 1160 og 1225. Tingvoll kyrkje er dermed oppført i den store kyrkjereisningstida i Norden som byrja for fullt tidleg på 1100-talet og haldt fram gjennom 1200-talet. Kyrkja er ein del av ein felles katolsk tradisjon og den har arkitektoniske trekk som kan vere inspirert av Nidarosdomen. Kyrkja er framleis i bruk.

Eit meir utfyllande kapittel om Tingvoll kommune si forhistorie er under arbeid og vil bli lagt til.

4.2.1 Kulturminne i den regionale kulturminneplanen

[Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi \(T-33/15\)](#) for Møre og Romsdal listar opp ei rekke kulturmiljø og kulturminne i Tingvoll kommune. Planen inneheld kulturminne i ulike kategoriar, sjå tabellen nedanfor.

Namn	Kategori	Art	Alder	Nasjonal/ regional/ lokal verdi
Kulturminne som har formelt vern				
Utvalde automatisk freda kulturminne				
Honnhammaren	Kulturmiljø	Bergkunst	Steinalder	Nasjonal
Gyl, bronsefunn	Kulturmiljø	Funnsted	Bronsealder	Nasjonal
Aspa, gravfelt	Kulturmiljø	Gravfelt	Jarnalder	Nasjonal
Røttingsnes gravfelt og gardstun	Kulturmiljø	Gravfelt	Bronsealder– Jarnalder	Nasjonal
Nålsund, gravminne	Kulturmiljø	Gravfelt	Bronsealder– Jarnalder	Nasjonal
Almli hyttefelt	Kulturminne	Gravminne	Bronsealder– Jarnalder	Nasjonal
Tingvoll kyrkjestad	Kulturmiljø	Kyrkjestad	Høgmiddelalder	Nasjonal
Vedtaksfreda (etter Kulturminnelova)				
Rotås, røykstove	Kulturminne	Gårdstun	Uviss tid	Nasjonal
Venås, røykstove	Kulturminne	Gårdstun	Uviss tid	Nasjonal
Tingvoll prestegard	Kulturmiljø	Prestegård	Uviss tid	Nasjonal
Kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna				
Den Trondhjemske postvei	Kulturmiljø	Veianlegg	1700-talet, tredje kvartal	Nasjonal
Landbruksminne				
Kane, nordmørslån	Kulturmiljø	Gårdstun	Uviss tid	Regional
Meisingset	Kulturminne	Gårdstun	Uviss tid	Regional
Sandvika, Gyl	Kulturmiljø	Gårdstun	Uviss tid	Regional
Åsprong	Kulturmiljø	Gårdstun	Uviss tid	Regional
Strandstad				
Meisingsetvågen	Kulturmiljø	Handelsplass	Uviss tid	Regional
Eldre tettstad				
Tingvoll sentrum	Kulturmiljø	Handelsplass	Uviss tid	Regional
Teknisk-industrielt kulturminne				

Nålsundkanalen og bru	Kulturmiljø	Kanalanlegg	Uviss tid	Regional
Skar kraftstasjon	Kulturminne	Kulturminne	Kraftverk	Regional
Kyrkjehistorisk minne				
Straumsnes kyrkje, Grimstad	Kulturminne	Kyrkjestad	1800-talet, tredje kvartal	Regional
Organisasjonslivsminne				
Gyl ungdomshus	Kulturminne	Kulturinstitusjonar – forsamlingshus	1900-talet, første kvartal	Regional
Museum				
Straumsnes bygdemuseum	Kulturminne	Kulturinstitusjonar – forsamlingshus	1900-talet, første kvartal	Regional

4.3 Tematisk oversyn over kulturhistoria i Tingvoll

Det finst eit utal kulturminne i Tingvoll kommune. Mange av desse er automatisk freda eller freda på andre måtar. For å kunna gjennomføre mandatet sitt, som er å laga ein fyrste versjon av kulturmiljøplan for Tingvoll kommune, har arbeidsgruppa gjort avgrensingar både når det gjeld tidsperiode og tema. Dei eldste kulturminna er verna i eige lovverk. Arbeidsgruppa har såleis avgjort at den lokale kulturminneplanen i hovudsak skal fokusere på dei nyaste kulturminna. Det er dei nyaste kulturminna som står i størst fare for å gå tapt, i og med at desse ikkje har noko formelt vern gjennom lovverket, eller at det ofte kan vere vanskelegare å sjå verdien av eit kulturminne frå nærare fortid som 1950-talet, enn hellemlåderi frå steinalderen. Fyrste utgåva av kulturmiljøplanen for Tingvoll kommune fokuserer difor hovudsakleg på kulturminne og kulturmiljø frå år 1900 og fram til vår tid.

Temaa i denne planen dekker breidda i kommunen og tydeleggjer viktige særpreg ved Tingvoll. Dei valte tema er:

- Næringsliv
- Krigshistorie
- Utdanning
- Hese og sosial
- Samferdsle
- Kultur

Ved seinare revisjonar ev kulturmiljøplanen kan ein undersøke fleire tema og ein breiare tidsepoke. Ein kan òg fordjupe seg ytterlegare i temaa ovanfor.

I dette kapittelet følger eit innleiande avsnitt om kvart tema. Viss ein ønsker meir og detaljert informasjon anbefaler vi å oppsøke dei lokalhistoriske verka ein finn i oversikta i kapittel 4.1.

4.3.1 Næringsliv

Tingvoll har hatt eit mangfaldig næringsliv gjennom tida. Berre innan epoken kulturminneplanen tek føre seg, har ein hatt eit så rikt og mangslunge næringsliv at det kunne ha fylt eit heilt bokverk. Som tømmer og trelast, tekstilindustri, handel og transport, båtbyggeri, skofabrikk, sagbruk og sjølv sagt landbruk. Sjølv om mykje av dette er borte i dag, kan ein sjå spor i fleire av krinsane. Nokon av anlegga eller husa har dessutan vorte tekne i bruk av ny næring, fått endra bruk og finst såleis framleis i ei eller anna form.

Rundt år 1900 var det ei strukturendring i det norske samfunnet, kor industrien fekk meir å seie i næringslivet. I Tingvoll og Straumsnes var det framgang i næringslivet i særleg siste halvdel av det 19. århundret og det ein la mest merke til var dampskipferdsla på fjordane. Tingvoll Ullvarefabrikk vart etablert rundt hundreårsskiftet (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 149).

Det første elektrisitetsverket vart bygd allereie i 1906 ved Gylelva og låg rundt 100 m ovanfor garden Sivertsstua. Stasjonen forsynte 3–4 gardar med lys.

Tingvoll ullvarefabrikk nytta frå byrjinga av vasskrafta i Rimstadelva. I 1911 vart det sett inn to generatorar i fabrikk og elektriske motorar vart montert i ulike avdelingar. Fabrikk skulle levere strøm til lys i Torjulvågen og i 1943 fekk fabrikk konsesjon for å føre kraft over høgspenlinje. I 1954 overtok Tingvoll kommune linenettet (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, ss. 202–207).

I 1910 vart det bygd eit kraftverk på Meisingset, i 1920-åra på Vågbø og Rottås. I Torjulvågen var det og 3–4 småverk (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, ss. 202–207).

I Straumsnes var det fleire lysverk og elektrisitetsverk (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, ss. 435-436):

- Langset Lysverk (bygd i 1913)
- Kvisvik Lysverk i Kvennabekken (byrja drifta i 1934)
- Ulset Elektrisitetsverk (bygd i 1920 i Ulsetelva)
- Hals Lysverk (bygd i 1928)
- Fløystad Elektrisitetsverk (bygd i 1924)
- Kanestrøm og Strømsvåg Elektrisitetsverk (bygd i 1935 i Sagelva på Kanestrøm)
- Rakstang Lysverk (bygd i 1943 ved Rakstangelva)
- Grimstad lysverk (bygd i 1936)
- Aasen Lysverk (bygd i 1943)
- I tillegg bygde Anton Farstad eit elektrisitetsverk i elva Berget i 1941 og Jan Backer, B. Heide, Kristen Treekrem og Jens P. Tveekrem bygde eit elektrisitetsverk i elva på Tveekrem i 1941-1942.

I januar 1945 vart kraftlag for Aspøy, Nålsund, Kvisvik og Årsund konstituert, med Aspøy og Straumsnes Kraftlag a/l som namn. I april same året vart heile Aspøya og Straumsnes med i laget (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 438).

Sagbruksdrifta har hatt mykje å seie for gardane og bygdelaga i Tingvoll kommune. Av 33 sager på Nordmøre var det heile 12 som låg i Tingvoll prestegjeld. I tillegg til tre som låg i Torjulvågen, som høyrde til Hals i ein periode. Rundt 1873-1874 vart ei handelsbruk bygd i Meisingsetvågen. Først gjekk det under namnet Nordmøre Trelastforening og Dampsagbruk, men ved seinare eigarskifte vart namnet Nordmøre Dampsag og Høvleri. Det var eit moderne bygg i si tid og truleg det største i denne delen av landet. Bruket brann i 1904 og vart ikkje bygd opp att (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 209).

Det var i tillegg fleire båtbyggerar frå både Straumsnes, Holmeide, Torjulvågen og Rotås. I Straumsnes har det vore ei lang rekke båtbyggerar og kvar einaste gard og plass kan ha hatt båtar (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 428).

4.3.2 Krigshistorie

Tingvoll har mange synlege og usynlege merke etter andre verdskrigen. Okkupasjonen valde å etablere base i Tingvollvågen, med tanke på at det kunne kome åtak inn Tingvollfjorden. Det vart bygd opp ein omfattande struktur som det framleis finst restar av i Tingvoll sentrum. (Mykje av det underjordiske anlegget kan vere intakt, men er dekt av jordmassar).

Ei formidling av krigshistoria må ha relevans for vår tid og nye generasjonar. Viktige aspekt å legge til grunn frå ein periode som kan synast svart-kvit i ettertid, er kva lærdommar vi kan ta med oss frå hendingane, på kva måtar det å ha okkupasjonen så sterkt til stades påverka innbyggerane og korleis desse åra kom til å prega Tingvollsamfunnet. Krig vil alltid etterlate seg sår som gror sakte. Krigsminne er ikkje berre våpen og medaljar, men òg mentale og kroppslege erfaringar, sanseintrykk og opplevinga av å leva under avgrensande tilhøve. I dag er fleire av dei som opplevde krigstida falne frå, men desto viktigare er det å ta stilling til dei kulturhistoriske spora frå denne tida. Når vi løftar fram denne delen av historia må det vera med pedagogisk forankring og med mål om at formidlinga skal ha relevans for vår tid.

Under krigen oppheldt dei fleste tyskarane seg i Tingvollvågen, kor det vart bygd to brakkebyar – den eine på eigedomane til Lars Koksvik og O. Drøpping, denne vart kalla Berlin. Den andre brakkebyen låg på prestegarden og vart kalla Hamburg (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 341).

I Høglia var det fangeleir og på Årsundøya var det eit kystfort. Den dag i dag finn vi tyske bunkersar fleire plassar i kommunen, på Ytter-Aksneset på Vågbø er det til dømes ein bunkers og ei mitraljøsestilling. I Kalvehagen i Tingvollvågen finst det fire bunkersar, tre av dei er ikkje gravd fram. Der er i tillegg eit fundament til eit utkikkstårn i Kalvehagen.

4.3.3 Utdanning

Tingvoll markerte seg tidleg som «utdanningskommunen» på Nordmøre.

Den første fastskulen i Tingvoll kommune var «Bugges Minde», ferdig i 1945. Bugges Minde var bygd der uteplassen til Tingvoll Barne- og ungdomsskule er no, og inneheld både skulerom, lærarbustad og herradstyresal. Bygget vart flytta til Tingvollia i 1972, og er no ein del av Tingvoll museum.

Mot slutten av 1800-talet vart det bygd skular i krinsane (Lamvik, 1977, s. 357). Før skulehusa vart bygd fekk elevane undervisning på ulike gardar rundt om, men då elevtalet vart større og større meldte behovet for skulehus i krinsane seg raskt.

Torjulvågen skule vart ferdigbygd i 1865 og dette skulehuset vart brukt i 90 år, fram til 1955. Andre skular som vart bygd i perioden 1865 til rundt 1900 er (Lamvik, 1977):

- Ulset skule (ferdigbygd i 1883)
- Eikrem skule (truleg ferdig i 1887)
- Kamsvåg skule (teke i bruk i 1893)
- Aspøy skule (teke i bruk i 1893)
- Grimstad skule (teke i bruk i 1893)
- Rakstang skule (ferdigbygd i 1899)
- Årsund skule (teke i bruk i 1901)
- Aspa skule (teke i bruk i 1897)
- Holmeid skule (ferdigbygd i 1865)
- Hanem skule (ferdigbygd i 1876)
- Røttingsnes skule (ferdigbygd i 1882)
- Gyl skule (ferdigbygd i 1886)

- Fjøseid skule (ferdigbygd i 1895)
- Ormset skule (ferdigbygd i 1900)

Etter 1900 vart det bygd nye skular att, mellom anna på Bugges Minde, her vart det tredje skulebygget i rekka reist i 1970/1971. Ein kombinert barne- og ungdomsskule, for å fylle villkåra for innføring av niårige skule (Lamvik, 1977, s. 368). Ved sentralskulen på Leitet vart det bygd ny undervisnings- og kontorfløy i 1972 (Tveikra & Romundstad, 1987). Desse to skulane er dei vi i dag kjenner som barne- og ungdomsskulane i Tingvoll og i Straumsnes.

Sentralskulen på Leitet hadde vore der sidan 1957, då den var ferdigbygd (Lamvik, 1977, s. 492).

I tillegg til skulekrinsar og etterkvart niårige skular, var det fylkesskule på Gyl i 23 år – Nordmøre fylkesskule og frå 1911 til 1920 var Nordmøre husmorskule knytt til fylkesskulen (Lamvik, 1977, s. 433) og på den gamle gamle proprietærgarden Sandvika var det jordbrukskule, frå 1899 til 1917.

4.3.4 Helse og sosial

Sanitetslaga har stått for mykje av helse- omsorg-, og sosialhistoria i Tingvoll kommune.

På Tingvoll vart Sanitetsforening stifta i 1926, etter at disponent ved Tingvoll Ullvarefabrikk, O. Revendal og distriktslege Tornøe såg at bygda kunne trenge eit meir omfattande helsearbeid. Noko av det første dei gjekk i gong med var skolebarngransking og dei ytte hjelp til sanatorieopphald, på Rikshospitalet og barneheimar mellom anna. I slutten av 1950-åra hadde dei bygd heile 13 badstuer. Elles stod foreininga for tilskot til medisinkjøp, hjelp til sjuke, pengegåver til forskingsarbeid, bidrag til institusjonar, skaffe hjelpemiddel, for å nemne noko (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, ss. 265-268).

I Straumsnes vart Sanitetslaget stifta tidlegare, i 1918, med fru Elisabet Wekelsen Jahn i spissen for tiltaket. I 1924 fekk dei si første sjukesøster og i 1930-åra hjalp dei folk med tuberkulose. Som på Tingvoll, fekk Sanitetslaget i Straumsnes sett i gong legeundersøking av skulebarn og dei bygde til saman åtte badstuer frå 1942 og i åra som følgde (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 478).

Sanitetslaga har gjort eit godt, grundig og viktig arbeid for helsestellet i kommunen og utviklinga innan helse og omsorg, både når det gjeld helsepersonell i krinsane og bygging av institusjonar samt folkeopplysing.

4.3.5 Samferdsel og kommunikasjon

Samferdslehistoria til Tingvoll er eit innhaldsrikt kapittel. Her har Den Trondhjemske Postvei hatt fleire ruter inn til Tingvollvågen, både sjøvegen og til lands, og ein fekk etablert postopneri allereie i 1756. Grendene i kommunen har alle sine egne, sterke forteljingar, om ferdsløyrer som har kome og gått og alle som har ferdast på dei. Å ha ein framkomeleg veg kan tyde liv eller død. Å kunne nå fram til mottakaren innan rimeleg tid med dei beskjedane som må sendast likeså.

Kommunikasjon handlar ikkje berre om å koma seg frå A til B, eller til Å: Det handlar òg om ei tid der det å koma seg fram, halda kontakten, var eit krafttak der ver og vind og årstider spela inn. Der vi i dag er bortskjemde med å kunna sende ein sms og få svar på eit par sekund, sette oss i bilen og hente det ein treng på få minutt, kunne det i «gamle dagar» ta år før ein fekk den avklåringa ein trong.

I siste del av det 1900-talet la ein godt merke alle dampskipa på fjordane, men desse vart etter kvart avløyst av bilar og bussar på vegane. I 1931 vart det opna veg mellom Tingvoll og Straumsnes (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 192).

Før bilen vart teke i bruk på landevegane, var det dampskipa som sytte for regelmessig postføring. Det vart oppretta nye postopneri på stoppestadene når det vart fleire av desse, og rutene vart utvida. I 1890 var det oppretta 47 postopneri på Nordmøre, og i 1900 var talet vakse til 83.

Postruta over Tingvolleidet i samband med dampskipruter på Surnadalsfjorden vart oppretta i 1894 slik at Tingvoll fekk post fire gonger i veka. Postruta mellom Gyl og Torjulvågen vart oppretta frå 1907. Frå 1911 og utover vart bilen i større og større grad teken i bruk til postføring og bilen tok etter kvart over for dampbåtane (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 200).

4.3.6 Kultur

No som før kan vi takke det rike mangfaldet av frivillige lag og foreiningar for tilbod innan fysisk aktivitet, sport, handarbeid, friluftsliv, naturvern, kulturliv, kunst, humanitært arbeid, sosiale lag og arrangement og inkludering, for å nemne noko – vi kan takke dei som engasjerer seg i lagsarbeid og dugnadar for eit levande, engasjerande og rikt lokalsamfunn, uansett kva krins og bygd i kommunen ein er i. Ein del av møtepapir og protokollar blir i dag oppbevart i eit kommunalt lagsarkiv som er administrert av Tingvoll bibiloteke. Lokalet til det kommunale lagsarkivet er diverre ikkje eigna og Tingvoll kommune skal difor inngå ein avtale om privatarkivordning med Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR). I tillegg til dokumenta kommunen allereie har arkivert på vegne av lag og foreiningar, ønsker kommunen å ta imot fleire dokument når avtalen med IKAMR er inngått.

I 1983 vart det første ungdomslaget i Tingvoll danna – Ottar Birting. Deira formål var å utbetre opplysning og opparbeide ei god forståing mellom yngre og eldre, samt søke ved lesing av aviser og god litteratur, opplesing, foredrag, song, leik, fester og andre samankomstar og utvikle gode og moralske kjensler hjå ungdommen (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 244).

Av andre lag som vart danna på slutten av 1800-talet og på 1900-talet (fleire av dei eksisterer framleis) finn vi mellom anna (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, ss. 244-310):

- Ungdomslaget Samhold for Meisingset (danna i 1894) – som i byrjinga arbeidde med å halde foredrag, øve inn og syne fram skodespel. Dei fekk tidleg sitt eige hus.
- Torjulvågen Ungdomslag (danna i 1917) – utgav det handskrive bladet "Hollenderposten" etter Hollendervågen, eit namn for Torjulvågen nytta i eldre tid, på grunn av hollendarar som ankra opp og kjøpte trelast og tømmer. Laget reiste ungdomshuset «Vårsol». Dette vart rive i 1964 og eit nytt forsamlingshus vart bygd, Torjulvågen forsamlingshus. Ungdomane hadde dansefestar og synte fram skodespel. Utgav òg lagsavisa «Fossekallen».
- Gyl og Bergem ungdomslag (danna kort tid før 1912) – haldt på med idrettsarbeid og «vanlege lagssaker». Reiste ungdomshus i 1922.
- Hanemsbygdens Landbrugsforening (danna i 1893)
- Tingvoll Bondelag (danna i 1963) – før den tid vart det danna bondelag på Meisingset (1926) og på Gyl og Bergem (1938). Interesserte frå Tingvollvågen vart etter kvart med i Gyl og Bergem bondelag, det same gjaldt de ifrå Torjulvågen og i 1955 vart namnet endra til Nordre

Tingvoll Bondelag. Då dette laget og Meisingset Bonndelag gjekk saman, vart namnet Tingvoll bondelag.

- Straumsnes bondelag vart danna i 1925 (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 479)
- Bondekvinnelaget i Straumsnes vart danna i 1933 og sette i gong fleire kurs, grønsak-, veve-, saume- og matstellkurs (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 479)
- Bondekvinnelag på Meisingset (danna i 1928) – arrangerte juletreffester, turar, sykurs, vevkurs, grønsakskurs og snikkarkurs. Dei har alltid vore tilsutta Møre og Romsdal Bondekvinnelag og Norges Bondekvinnelag. I 1970 søkte dei Norges Bondekvinnelag om namnebyte og har heitte Tingvoll Bygdekvinnelag sidan den gong.
- Straumsnes Sanitetslaget (danna i 1918) og Tingvoll Sanitetsforening (danna i 1926) – omtalt i kapittel 4.3.4
- Det var i tillegg skoglag, avhaldslag og mållag i kommunen
- Skyttarlag:
 - Tingvoll skyttarlag (før 1890)
 - Meisingset skyttarlag (1930)
 - Fjøseid skyttarlag (1947)
 - Gyl skyttarlag (1907), omdøpt til Gyl og Torjul skyttarlag i 1912
 - Torjulvågen skyttarlag (1922, dette avløyste Gyl og Torjul skyttarlag)
 - Vågbø skyttarlag (1964)
- Idrettslag:
 - Straumsnes Idrettslag (danna i 1905). Truleg det eldste idrettslaget på bygdene på Nordmøre, i alle fall det eldste idrettslaget innanfor grensene til noverande Tingvoll kommune (Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2. , 1975, s. 466)
 - Tingvoll Idrettslag (danna i 1915)
 - Gyl Idrettslag (formelt danna i 1916, men medlemmar av laget hadde delteke i stemner sidan 1910 – eit av dei eldste idrettslaga på Nordmøre)
 - Idrettslaget Norden, Vågbø (danna i 1927)
 - Torjulvågen Idrettslag (organisert for første gong i 1930-åra, formelt danna i 1946)
 - Idrettslaget Triumf, Meisingset (gamalt lag, men først i uorganisert form, meir organisert form i 1904, først som turgruppe, i 1929 danna Meisingset ungdomslag eit lag som kunne samle alle idrettsinteresserte i bygda, som fekk namnet Triumf)

Det har òg vore mykje song og musikk i Tingvoll kommune opp gjennom, kor både for vaksne, barn og ungdom i bortimot alle grendene, strykeorkester, gutekorps, skulekorps og ein av våre største kulturskattar frå folkemusikken si verd må kunne seiast å vere Magnhild Almhjell frå Hafstadbygda. Ho er kjent for si tolking av folketonar og seterslåttar og ei av dei viktigaste kjeldene til kvedertradisjonen på Nordvestlandet (Bjørn Aksdal, Store norske leksikon, 2022).

Det er òg verdt å merke seg at Tingvoll kommune har ein av dei største stadnavn-samlingane i fylket, digitalt tilgjengeleg gjennom [IKAMR](#).

Kapittel 5: Kulturminne og kulturmiljø i Tingvoll

Arbeidsgruppa har byrja arbeidet med å registrere kulturminne og kulturmiljø som fell inn under dei valde temaa og tidsperioden gruppa har fokusert på (frå rundt år 1900 og fram til i dag). Registreringane er ikkje fullstendige og det er difor kun nokon døme som er teke med i denne versjonen av planen. Vi ønsker hjelp frå publikum til å halde fram arbeidet med å registrere kulturmiljø og kulturminne i Tingvoll kommune. Døme på registreringar som er teke med i planen viser korleis arbeidsgruppa har tenkt når dei har registrert kulturminne og kva opplysingar vi ønsker om kulturmiljøa og kulturminna.

Nedanfor er døme på registreringar gjort under tamaet «**næringsliv**». Registreringane er mangelfulle og/eller ufullstendige, i verste fall feilaktige. Vi ber om hjelp frå publikum til å fullføre desse registreringane og ikkje minst tips dersom nokon opplysingar viser seg å ikkje stemme. Arbeidsgruppa ønsker i tillegg til registreringane nedanfor, registreringar av mindre kjente (men svært viktige) kulturmiljø og kulturminner, som til dømes svalgangsbrygger og storbåtnaust i Tingvoll kommune.

Namn og stad	Kategori	Art	Alder	Tilstand	Skildring/ kommentar
Nordmøre bruk	Kultur- minne	Skog og sagbruk	1916	Rive, men rammesag bevart i nytt bygg.	
Vågbø bruk	Kultur- minne	Skog og sagbruk	1955		
Oppgangssag	Kultur- minne	Skog og sagbruk	1799 og 1855	Er bevart og finst på Tingvoll museum.	Vassdriven sag med overfallshjul. Sammensett av to sager, bygninga frå Bekkjen på Meisingset, sag/inventar Trekrem i Straumsnes.
Finnvik båtbyggeri	Kultur- minne	Båtbyggeri	Opp- start i 1923	God stand og finst framleis.	Det er i privat eige og er eit lager og ein verkstad i dag.
Aanes skip- og båtbyggeri	Kultur- minne	Båtbyggeri	1948	Kun murer att. I privat eige.	
Ulset båtbyggeri	Kultur- minne	Båtbyggeri	1946	God stand.	Det finst framleis. I privat eige.
Jan Nålsund båtbyggeri	Kultur- minne	Båtbyggeri	1950/60	God stand.	Framleis i drift
Årsund smed og mekanisk verkstad	Kultur- minne	Båtbyggeri	1934	God stand.	Framleis i drift
Fisketørke, Trygve Meek		Fiske			Brygge finst framleis.
Skofabrikk Torjulvågen	Kultur- minne	Industri	1956– 1982	Ombygd.	Bergem Skofabrikk sitt nybygg frå 1954 erstatta tidlegare bygg. Seinare vart det brukt som settefiskanlegg.
Evert Farstads tredreieri		Industri	1935, ny fabrikk- hall i 1965		Eigen kraftstasjon. Far til Evert, Anton Farstad konstruerte vevstol som vov vesten til Nordmørs- bunaden, <i>Farstadvesten.</i>

					Denne er på Straumsnes museum.
Kristian Faksvåg	Kulturminne	Treindustri			Kristian lagde trillebårer og sperrebukker for vegvesenet. Disse er flytta Høgset industriområde og det gamle meieriet.
Tingvoll Uldvarefabrikk (administrasjonsbygning, direktørbustad og arbeiderbustadar)	Kulturmiljø	Tekstilindustri	1898	Administrasjonsbygninga er i dårleg stand, medan direktørbustaden er i god stand.	Administrasjonsbygninga er eigd av Møre Bånd og Vev. Både direktørbustaden og arbeidsbustadane er i privat eige, sistnemnde blir brukt som leilegheiter.
Meisingset gruver		Gruvedrift/industri	1941–1942	Tunellingang sikra med trevegg. Nokon hus finst framleis.	50 menn arbeidde i gruvene og tok ut 12.000 tonn ferdig malm. I privat eige.
Rimstad kraftstasjon	Kulturminne	Industri (kraft)	1911	Innstallasjon og bygningar finst framleis.	Den første kraftstasjonen i Tingvoll. Aquagen eig bygninga. Det er ei veneforeining som arbeider for å sette i stand og ta i bruk bygget på ein ny måte. Kraftsentrum for kultur (Kraftverk) søkte om støtte frå Kulturminnefond.
Gyl kraftstasjon		Industri (kraft)	1906		Lokalisert 100 m. over Sivertsstua.
Indre Støland		Industri (kraft)	1922		
Rotås		Industri (kraft)	1925		
Røttingsnes		Industri (kraft)	1925		

Bølset		Industri (kraft)	1925		
Meisingset		Industri (kraft)	1910		
Vågbø		Industri (kraft)	1920-åra		
Langset		Industri (kraft)	1913		Finst framleis.
Kvisvik		Industri (kraft)	1934		
Løsetplassen	Kultur-miljø	Jordbruk	1858	God stand, men treng vedlikehald.	Hus og fjøs, husmannsplass under Løset.
Liahaugen		Jordbruk		Attgrodd.	Tuft etter husmannsplass under Tingvollia. Museet har rydda litt på tuftene og nytta dei i mellom anna historisk vandring i 2019.
Skobutikk (utsal av sko frå skofabrikk i Torjulvågen)		Handel			

Kapittel 6: Status og handlingsplan

I handlingsplana er det lagt vekt på å kartlegge, registrere og synleggjere kulturmiljø og kulturminne vi veit lite om frå før eller ikkje har oversikt over. I tillegg til å ta vare på kulturmiljø og kulturminne som står i fare for å forsvinne.

Tema	Tiltak	Når	Ansvar for oppfølging	Samarbeids-partnarar	Kommentar
	Publisere første versjon av kulturmiljøplana	2023	Tingvoll kommune ved Kultur og folkehelse	Publikum, lag og foreiningar, aviser/media, eigarar av kulturminne	Stimulere til engasjement.
	Gjere det mogleg for publikum å melde frå om kulturminne- og miljø digitalt, på Tingvoll kommune sin nettside – heile planen må vere tilgjengeleg digitalt på	2023	Tingvoll kommune ved Kultur og folkehelse		

	kommunen si nettside				
Samferdsel	Registrere og lage ei oversikt over svalgangsbrygger og storbåtnaust	2023-2027	Tingvoll kommune	Frivillige lag og foreiningar og eigarar av kulturminne	Ein bør ta direkte kontakt med eigarar av slike kulturminne.
Samferdsel	Syte for at Nålsundkanalen blir teke vare på	2023-2027	Tingvoll kommune		
Helse & sosial	Teke vare på bruken av og historia knytt til badstuene	2023-2027	Eigarar i samarbeid med kommunen og frivillige	Tinvoll kommune, frivillige lag og foreiningar	Døme: Badstua på Gyl som er eigd av Bergem og Gyl grendelag.
Samferdsel	Følgje opp og stimulere arbeidet med å teke vare på postvegen frå Tingvollvågen til Bølset	2023-2027	Tingvoll kommune og veneforeininga til postvegen		Arbeidet med å skilte delar av postvegen på Vågbø er i gong. Kommunen bestiller og betaler for det første av tre planlagde skilt.
Næringsliv	Framheve/synleggjere historia til og ta vare (bygninga) på Nordbø mek i Torjulvågen	2023-2027	Tingvoll kommune	Eigar av kulturminne	
Næringsliv	Framheve/synleggjere historia til Tingvoll ullvarefabrikk/Sellgrens veveri (frå 1968) og Rimstadelva	2023-2027	Tingvoll kommune	Rimstad kraftstasjons venelag, Tingvoll museum	Rimstad kraftstasjon er eit synleg kulturminne som blir teke vare på av Rimstad kraftstasjons venelag.
	Undersøke mogleiken for å sette i gong arbeidet med «Bygdehistorie for Tingvoll kommune 1950-2000»	2023-2027	Tingvoll kommune og frivillige lag		

Kapittel 7: Økonomiske støtteordningar

Freding eller vern vil i seg sjølv kun gje avgrensa ivaretaking for det enkelte kulturminnet. Det aller viktigaste er at eigaren sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne

kreiv både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltinga på alle nivå legg til rette for dette.

Det finst ulike statlege tilskotsordningar som eigarar av kulturminne kan søkje på, mellom anna Riksantikvarens post til freda kulturminne, SMIL, RMP, Sametinget og Norsk kulturminnefond. I tillegg kjem nokre private ordningar som stiftinga UNI mfl.

Statlege og regionale tilskot dekkjer oftast berre ein mindre del av kostnadene knytt til skjøtsel, vedlikehald og restaurering. Det er derfor viktig at kommunen følgjer opp med lokale ordningar, særleg til forprosjekt som i neste omgang kan utløyse sentrale midlar.

Riksantikvaren signaliserer at dei i framtida vil prioritere å gje tilskot til tiltak som står registrert i den kommunale kulturminneplanen, og som dermed er prioritert av kommunen. Derfor er ei god og omfattande registrering av kulturminne og potensielle tiltak for å ta vare på desse eit viktig ledd i å sikre finansiering av tiltak innan kulturminnearbeidet.

Nyttige lenker til tilskot og støtteordningar:

- [Regjeringa](#)
- [Kulturrådet](#) - prosjektstøtte kulturvern
- [Møre og Romsdal fylkeskommune](#) - (tilskot kulturminnevern)
- [Kulturminnefondet](#)
- [Norsk Kulturarv](#) - Ta et tak
- [Forbundet KYSTEN](#) - nytt liv i naust og sjøhus
- [Spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\)](#)
- [Tilskot frå private stiftingar og fond](#)

Tabellen nedanfor er eit oversyn over økonomiske støtteordningar hjå Regjeringa, Kulturminnefondet og Landbruksdirektoratet (utover dette kan de finne informasjon om tilskot ved å klikke på lenkene ovanfor) for kulturminne som er tilgjengelege med tilhøyrande fristar og mål for tilskotet. Med atterhald om endringar i fristar og ordningar. Desse fristane er per oktober 2022.

Type tilskot	Tilbydar	Mål for tilskotet	Søknadsfrist
Tilskotsordningar for 2021. Publisert under: Regjeringen			

Solberg. Utgjevar: Klima og miljødepartementet			
Post 60	Ein sender søknaden til fylkeskommunen som sender den vidare til Riksantikvaren	Å styrke kommunane i arbeidet med å ta vare på kulturmiljø som ressurs for kunnskap, oppleving og bruk.	Fylkeskommunen: Riksantikvaren: 15.02
Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	Riksantikvaren	Å medverke til sikring, skjøtsel, tilrettelegging, dokumentasjon og formidling av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.	15.01
Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	Riksantikvaren. Søknad om tilskot sendast i søknadssystemet DigiSak .	Å støtte private eigarar i deira arbeid med å ta vare på kulturminne.	01.11
Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	Ein skal sende søknaden til fylkeskommunen eller Sametinget.	Å sette i stand og vedlikehalde tekniske og industrielle anlegg som ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling.	01.11
Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	For ruinar og anlegg innan mellomalderbyane Bergen, Trondheim, Tønsberg og Oslo skal ein sende søknaden til Riksantikvaren. For øvrige ruinar sender ein søknad til fylkeskommunen.	Ein kan søke tilskot til konservering, dokumentasjon, skjøtsel, vedlikehald eller overvåking av mellomalderruiner, samt til tiltak som utviklar og formidlar kunnskap om ruinane.	01.11
Post 74 Tilskot til Fartøyvern	Riksantikvaren. Søknad om tilskot sendast i søknadssystemet DigiSak . Norsk Foreining for fartøyvern og eventuelt andre organisasjonar søker Riksantikvaren, regionalforvaltninga eller Sametinget om tilskot per e-post.	Målet med tilskotsordninga er å sikre og sette i stand, og bruke til formidling, freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningslinjer.	01.11
Post 75	Riksantikvaren	Målet med tilskotsordninga er å samle inn, vidareføre og	01.11

Tilskot til fagutvikling i fartøyvernet		gjere tilgjengeleg kunnskap om handverk knytt til istandsetjing og vedlikehald av verna og freda fartøy.	
Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet	Riksantikvaren	Målet for tilskotsordninga er at kulturminne, kulturmiljø og landskap blir tatt i bruk i utvikling av lokalsamfunn, og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling.	Ingen. Søknadene blir behandla fortløpande.
Post 79 Tilskot til verdsarven	Riksantikvaren	Målet for tilskotsordninga er å medverke til å utvikle verdsarvområda i Noreg.	Kommunane og fylkeskommunane har egne søknadsfristar. Søknadsfrist til Riksantikvaren er 15.01
Kap. 1432, post 50 Norsk kulturminnefond - Tilskot til disposisjon for kulturminnetiltak	Ein sender søknad til Norsk kulturminnefond .	Målet for tilskotsordninga er å styrke arbeidet med å ta vare på verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og medverke til at eit mangfald av desse kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.	Ingen. Søknader vert handsama fortløpande.
	Kulturminnefondet	<ul style="list-style-type: none"> • Skal bidra til å auke innsatsen frå eigarar og næringsliv for å teke vare på kulturminner • Skal bidra til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping • Skal støtte prosjekt kor det er samarbeid mellom offentlege og private aktørar 	Ingen
	Landbruksdirektoratet	Målet er å gjennomføre miljøtiltak utover det som	Kommunen har eigen søknadsfrist

		er forventa av vanleg jordbruksdrift. Hensikta skal vere å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket.	
--	--	---	--

I samband med innføring eller endring av ordning for eigedomsskatt i kommunane har kvar enkelt kommune høve til å vedta regel for unntak av freda bygningar.

Kapittel 8: Anna nyttig informasjon for eigarar av kulturminne

Her ønsker arbeidsgruppa å la seg inspirere av Surnadal kommune sitt arbeid, i deira plan er det eit vedlegg som heiter «Nyttig informasjon for eigarar av kulturminne». Vi ser i utgangspunktet for oss at dette skal inngå i planen som eit eige kapittel. Når det gjeld tilskot og støtteordningar ein kan søke på, er dette skildra i kapittel 7. Kapittel 8 vil dermed vere ei naturleg forlenging eller supplement til informasjonen i førre kapittel. Ein kan eventuelt vurdere å slå saman desse to kapitla, alt ettersom kva som vil vere ryddigast/enklast å navigere i for publikum/brukarar.

Kapittel 9: Kart

Kartutsnitt og bilete blir lagt til seinare.

Kapittel 10: Kjelder

Litteratur

- (1970). I E. Brakstad, *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1*. Tingvoll Sogelag og Straumsnes Bygdeboknemnd.
- (1975). I E. Brakstad, *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 2*. . Tingvoll Sogelag og Straumsnes Bygdeboknemnd.
- (2006). I M. Stige, & T. Spurkland, *Tingvoll kyrkje: gåta gunnar gjorde*. Tapir Akademisk Forlag.
- Gaustad, F. (1970). *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1*. Tingvoll Sogelag og Straumsnes Bygdeboknemnd.
- Hernes, I. (1970). *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 1*. . Tingvoll Sogelag og Straumsnes Bygdeboknemnd.
- Hyldbak, H. (u.d.). *Gards- og ættesoge for Tingvoll 3*. . Tingvoll Sogelag.
- Hyldbakk, H. (1961). *Gards- og ættesoge for Tingvoll 1*. . Tingvoll Sogelag.
- Hyldbakk, H. (1963). *Gards- og ættesoge for Tingvoll 2*. . Tingvoll Sogelag.
- Lamvik, M. (1977). *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes 3*. . Tingvoll Sogelag og Straumsnes Bygdeboknemnd.
- Tveikra, O., & Romundstad, S. (1987). Tingvoll kommune 150 år. *Jubileumsskrift*.

Artikkel i oppslagsverk: leksikon, ordbok o.l.

- Aksdal, B. (2022, 11. april) Magnhild Almhjell. I *Store norske leksikon*. Henta 28. oktober 2022 frå https://snl.no/Magnhild_Almhjell
- Hjemdahl, A. (2021, 16. februar) regionmuseum. I *Store norske leksikon*. Henta 30. Otkober 2022 frå <https://snl.no/regionmuseum>

Nettsider

- Regjeringa (2020, 30. november) *Kulturminne og kulturmiljø*. Henta 30. oktober frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/klimatema/klimatema/kulturminner-og-kulturmiljo/innsiktsartikler-kulturminner/kulturminne-og-kulturmiljo/id2076487/>